



Solund kommune

FORSKRIFT OM SKULEREGLAR SOLUND BARNE- OG UNGDOMSKULE

Innhold

Heimel	1
§ 1. Formål.....	1
§ 2. Verkeområde	2
§ 3. Skuledemokrati.....	2
§ 4. Eleven sine rettar, jf. opplæringslova §§ 10-2 og 12-2	2
§ 5. Eleven sine plikter, jf. opplæringslova § 10-6	2
§ 6. Orden.....	2
§ 7. Åtferd, jf. opplæringslova § 12-3	3
§ 8. Sanksjonar ved brot på skulereglane, jf. opplæringslova § 13-1	4
§ 9. Melding til politiet om straffbare forhold.....	5
§ 10. Erstatningsansvar, jf. skadeerstatningslova § 1-1.....	5
§ 11. Vurdering i orden og åtferd.	5
§ 12. Saksbehandling	5
§ 13. Prosess ved klage.....	6
§ 14. Tillegg til skulereglane	6
§ 15. Ikraftsetjing.....	6

Heimel

Fastsett av Solund kommunestyre [dato] med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 10-7

§ 1. Formål

Skulereglane skal vere eit grunnlag for godt samspel mellom alle i skulesamfunnet. Dei skal fremme trivsel, respekt og medansvar. Reglene skal fremme god orden, god åtferd og gode arbeidsvanar, og slik legge til rette for god læring. Skulereglane skal bidra til å utvikle elevane sine sosiale ferdigheter og til å bygge positive relasjoner mellom elevane, og mellom elevar og tilsette. Skulereglane avgjer kva tiltak/sanksjonar som kan nyttast om reglene blir brotne.



Solund kommune

§ 2. Verkeområde

Skulereglane gjeld for alle elevar ved Solund barne- og ungdomskule. Skulereglane gjeld i skuletida på skuleområdet, i timer og friminutt. Skulereglane gjeld òg ved andre opplæringsformer og undervisningslokale i skulen sin regi utanfor skuleområdet og skuletida, for eksempel ekskursjonar, ved arbeidspraksis i bedrift, leirskule og hospitering ved andre skular.

Skulereglane gjeld også det som skjer i dei digitale systema til skulen.

Skulereglane kan til ein viss grad regulere mobbing og krenkande åtferd på skulevegen, på skuleskyssen og anna som har direkte tilknyting til skulegangen. Det vert konkret vurdert om forholdet påverkar undervisninga og læringssituasjonen.

Også hendingar som skjer på fritida kan verte sanksjonert etter skulereglane, dersom hendinga påverkar skolemiljøet til ein eller fleire elevar. Dette kan vere mobbing og andre krenkingar direkte eller ved digitale plattformer.

Skulefritidsordninga har eige reglement.

§ 3. Skuledemokrati

Ved Solund barne- og ungdomskule vert brukarmedverknad organiserast med elevråd, FAU, samarbeidsutval og skolemiljøutval

§ 4. Eleven sine rettar, jf. opplæringslova §§ 10-2 og 12-2

Alle elevar har rett til

- eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.
- å ha ein skulekvardag fri for mobbing, vald, diskriminering og trakkassering
- opplæring i samsvar med opplæringslova med forskrift, kommunale vedtak og gjeldande læreplanar.
- å verte vist respekt og få ha personlege eigendalar i fred
- medverknad i saker som gjeld seg sjølv
- å ta opp brot på desse rettane med skulen.

§ 5. Eleven sine plikter, jf. opplæringslova § 10-6

- Eleven har plikt til å rette seg etter dei lover, reglar og instruksar som gjeld.
- Eleven skal møte medelevar og skulen sine tilsette med omsyn og respekt.
- Eleven har plikt til å møte fram og aktivt vere med i opplæringa.
- Eleven kan verte pålagde å gjere oppgåver utanom skuletida (leksjer).
- Å levere frå seg privat mobil og smartklokke ved skulestart. Dette vert levert tilbake når skuledagen er slutt.

§ 6. Orden

Eleven skal ha god orden. Orden heng saman med om eleven er punktleg, førebudd og føl opp arbeid. Om eleven ikkje har god orden kan dette gjere at eleven får nedsett ordenskarakter.

Det er mellom anna god orden å



Solund kommune

- møte presis på skulen og til undervisninga
- ha skulesakene i orden
- ha med nødvendige læremiddel og utstyr
- møte førebudd til opplæringa
- delta aktivt i opplæringa og ha god arbeidsinnsats
- gjere arbeid ein blir pålagt så godt ein kan og til rett tid
- halde god orden og bidra til at det er reint og ryddig
- ta godt vare på skulen sine lærebøker, læremiddel, digitalt og anna utstyr

§ 7. Åtferd, jf. opplæringslova § 12-3

Eleven skal ha god åtferd. Åtferd heng saman med om eleven viser omsyn og respekt for andre – både medelevar, lærarar og andre tilsette. Om eleven ikkje har god åtferd i skuletida kan dette gjere at eleven får nedsett karakter i åtferd.

Det er god åtferd

- å vise omsyn og respekt for andre, mellom anna ved å bidra positivt til andre sitt skule- og arbeidsmiljø og å inkludere medelevar.
- å vise omsyn og respekt for andre og vere hyggeleg og høflege mot kvarandre.
- å vise respekt for skulen og andre sine eigendalar
- å rette seg etter beskjedar frå tilsette
- vise respekt for undervisninga og gjere sitt for å halde arbeidsro i timane
- å følgje skulen sine reglar i bruk av pc, mobiltelefon og anna multimedia- og elektronisk utstyr
- å ta godt vare på skulen sine eigendeler (læremiddel og anna utstyr)
- å la andre sine personlege eigendalar vere i fred
- å følge verne-/tryggleiksreglar som tilsette krev eller som er påbodne av arbeidstilsynet.
- å ta av seg sko og henge opp yttertøy i garderoben

Det er ikkje tillate

- å mobbe, trakkassere eller på andre måtar krenke andre fysisk, psykisk, verbalt eller digitalt
- med grovt språk
- med skulk
- å forlate skulen sitt område utan løyve av tilsett
- slåssing
- forstyrring av andre sin leik eller aktivitet
- rasistiske utsegn og handlingar
- truslar
- seksuell trakkassering
- sjikane på grunn av religion, livssyn eller seksuell orientering
- å røyke tobakk, bruke elektroniske sigarettar eller snuse på skulen sitt område og ved all aktivitet i skulen sin regi.
- å vere påverka av, bruke, oppbevare eller selje rusmiddel på skulen sitt område
- å gjere skadeverk på gjenstandane/eigedomen til skulen, tilsette eller medelevar



Solund kommune

- å ha med farlege gjenstandar eller våpen
- å fuske eller forsøke å fuske på prøvar eller innleveringar
- å ha med godteri, energidrikk, brus ol med mindre det er gjeve særskilt løyve
- å ha yttertøy i klasserommet
- å bruke plagg som dekkjer ansiktet.
- å bruke solbriller inne, utan etter særleg avtale
- å bruke internett eller digitalt utstyr til å laste ned materiale i strid med norsk lov
- å bruke internett eller digitalt utstyr til å laste ned materiale som ikkje er skulerelatert
- å spreie lyd- eller bildeopptak av elevar, lærarar eller andre tilsette utan deira samtykke
- hærverk eller øydeleggje/skade skulen sine læremiddel og utstyr. Elevar som utøver hærverk, kan bli pålagt å rydde opp etter seg/utbetre skader som er gjort når det å rydde opp består i arbeid eleven har forutsetning for å klare, og arbeidet står i rimeleg forhold til det som er gjort. Elevar kan verte erstatningspliktige etter skadeerstatningslova § 1-1.

§ 8. Sanksjonar ved brot på skulereglane, jf. opplæringslova § 13-1

Skulen/læraren har rett til mindre inngripande tiltak som følgje av retten til å organisere og leie undervisninga utan at formålet er å straffe eleven. Eit eksempel er at to elevar ikkje får sitje ved sidan av kvarandre ein periode.

Sanksjonar er tiltak som kan brukast mot elevar som bryt skulereglane og skal stå i rimeleg forhold til brotet på reglane. Sanksjonen bør kome så nær regelbrotet i tid som mogeleg.

Fysisk refsing eller anna krenkande handling kan ikkje brukast som sanksjon. Fysisk arbeid i samband med reparasjonar, rydding eller vask etter seg sjølv eller andre er ikkje å rekne som fysisk refsing.

Nødrett eller nødverje kan likevel i særskilte tilfelle gjere det nødvendig for tilsette å bruke fysisk makt for å hindre at elevar skader seg sjølv eller andre, eller skader skulen sin eigedom.

Kollektiv straff kan ikkje nyttast for handlingar utøvd av einskildelevar.

Det er berre sanksjonane lista opp under som kan bli brukt. Det kan vere aktuelt med kombinasjon av ulike sanksjonar.

- Munnleg/skriftleg åtvaring frå lærar
- Munnleg/skriftleg åtvaring frå rektor
- Kontakt med heimen og involvering av føresette
- Vere til stades på skulen før eller etter skuletid i samband med samtale med lærer/rektor og/eller utføring av pålagte oppgåver.
- Mobiltelefon og anna privat elektronisk utstyr som vert nytta i skuletida utan løyve frå faglærar, kan verte teke inn, og vert levert tilbake ved skuledagen slutt.
- Mellombels inndraging av forbodne/farlege gjenstandar som for eksempel sigarettar, snus, alkohol, våpen eller narkotika. Gjenstandar som er ulovlege etter norsk lov blir overlatne til politiet. Om skulen inndrar tobakk, snus eller alkohol blir gjenstandane tilbakelevert til foreldra.
- Pålegg om å rette opp skade eleven har påført skulen sin eigedom eller eigendeler (rydde søppel, vaske golv, fjerne tagging og liknande)



Solund kommune

- Kurs i god orden/åtferd
- Erstatningsansvar. Elevar kan verte erstatningspliktige etter skadeerstatningslova § 1-1
- Mellombels eller permanent bytte av gruppe
- Undervisning utanfor klassen
- Ved grove og/eller gjentatte brot på kommunen sitt IKT-reglement, kan eleven i en periode verte stengt ute frå all IKT-bruk
- Straffbare forhold vert meldt til politiet.
- Ved alvorlege eller gjentekne brot på skulereglementet kan konsekvensen verte bortvising. Bortvising er når eleven vert sendt ut av opplæringa i ein kortare eller lengre periode.
- Elevar på 1. til 7. trinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen. Foreldra skal få melding før ein elev på 1. til 7. trinn vert vist bort for resten av dagen.
- Elevar på 8. til 10. trinn kan visast bort for opp til tre dagar. Foreldra skal få melding før ein elev på 8.-10.trinn vert bortvist heile dagar.
- Bortvising frå ei opplæringsøkt inntil to klokketimar etter avgjerd av faglærar. Skulen har ansvaret for tilsyn.
- Bortvising for resten av dagen (1.-7.trinn) eller inntil tre dagar (8.-10.trinn), etter rektors avgjersle (krev einskildvedtak). Foreldre/føresette vil etter bortvising ha ansvaret for eleven.

§ 9. Melding til politiet om straffbare forhold

Straffbare forhold på skulen sitt område kan bli melde til politiet. Det same gjeld ved mistanke om straffbare forhold. Ved mindre alvorlege forhold blir det gjort ei vurdering av om melding til politiet er formålstenleg.

§ 10. Erstatningsansvar, jf. skadeerstatningslova § 1-1

Ved skade eller skadeverk på skulen sin eigedom kan eleven og/eller foreldre verte erstatningsansvarlege. Det same gjeld ved tap av undervisningsmateriell. Eleven kan få tilbod om å utbetre skadane sjølv om det er formålstenleg.

§ 11. Vurdering i orden og åtferd.

Når ein elev vert vurdert i orden og åtferd skal det gjerast ei heilskapleg vurdering av eleven opp mot skulereglane over ein lengre tidsperiode. Det skal ikkje leggast avgjerande vekt på enkelthendingar med mindre dei er særleg klanderverdig eller grove. Eleven og føresette skal ha skriftleg varsel dersom det er fare for at eleven kan få nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller åtferd.

§ 12. Saksbehandling

Skulen skal alltid følge dei generelle saksbehandlingsreglane i forvaltningslova, i tillegg til dei som går fram av opplæringslova. Skulen informerer føresette om hendingar og reaksjonar.

Skulen skal skriftleg gjøre greie for sanksjonar eller tiltak dei set i verk.

Skulen har plikt til å dokumentere kva skulen gjer for å oppfylle aktivitetsplikta.

Før det blir tatt avgjerd om sanksjon ved brot på skulereglane skal eleven ha moglegheit til å forklare seg munnleg. Saka skal vere så godt opplyst som mogleg og ein skal alltid vurdere om alternative sanksjonar kan vere tilstrekkelege. Eleven sitt beste skal bli vurdert. Også deltakarane har rett til medverknad i alle saker som gjeld seg sjølve og har rett til å ytre meiningsane sine fritt.



Solund kommune

§ 13. Prosess ved klage

Ei klage skal vere skriftleg og bør vere grunngitt. Klaga må også nemne endringa som er ønskt i vedtaket. Klaga skal innan klagefristen sendast til den instansen som gjorde vedtaket. Klagefristen er til vanleg tre veker etter mottak.

Dersom rektor held fast på bortvisingsvedtaket og ikkje tar klaga til følge, skal rektor sende klaga med utgreiing og grunngiving til leiar for oppvekst og kultur.

Eleven og føresette som har klaga på enkeltvedtaket skal få kopi av oversendingsbrevet og saksdokument når saka blir sendt vidare til klageinstansen.

§ 14. Tillegg til skulereglane

Rektor kan i samråd med elevrådet, FAU, Samarbeidsutval og Skulemiljøutvalet lage tilleggsreglar som ikkje er dekte av skulereglane eller andre kommunale/sentrale reglar. Dei lokale reglane kan òg presisere skulereglane. Tilleggsreglane kan ikkje vere i staden for eller i strid med skulereglane.

Dersom brot på tilleggsreglane kan føre til sanksjon, må dette stå i tilleggsreglane.

Tilleggsreglane har status som forskrift og kan omfatte:

- Trivsel/skulemiljø.
- IKT-utstyr.
- Reiser og skuleekskursjonar.
- Reglar for bruk av spesialrom som for eksempel verkstader, kjøkken, kunst og handverksrom, musikkrom eller naturfagrom.
- Fråvær
- Bruk av mobiltelefonar og smartklokker.
- Merknader
- Andre særskilde forhold.

§ 15. Ikraftsetjing

Skulereglane gjeld frå 1. august 2024. Kommunedirektøren har mynde til å gjere mindre endringar for å halde skulereglane oppdatert med gjeldande regelverk. Slike endringar skal leggast fram som meldingar til politisk behandling i etterkant. Ordens- og åtferdsreglementet for Solund barne- og ungdomsskule, datert 26.02.2014, vert oppheva når nye skulereglar trer i kraft.

Skulereglementet skal gjerast kjend for elevar, føresette og tilsette kvart år ved start av skuleåret. Dette ansvaret ligg på skulen. Reglementet skal vere tilgjengeleg på kommunen og skulen sine nettsider.